



Foto: Anne J. Sæten

Innsida

HERBORG KRÅKEVIK

blixen27@yahoo.no

«HERRENS VISDOM SVIGTER EJ DERFOR MENER HAN SOM JEG»

Piet Hein

DAG OG TID FREDAG 29. FEBRUAR 2008

Korrespondentbrev frå Det norske hus

Rett utanfor den gamle vollen rundt København ligg Norges hus.

Det vart bygt i 1932 og var ein heim der norske damer som hadde streva heile livet som «tjenestepiger» i københavnske hushaldningar, kunne kvila i alderdomen. Seinare vart det leigehusvære der nordmenn har fyrste rett til å leiga dei tidlegare «pigeværelserne».

Her har eg budd eit halvt år saman med mann og dotter. Ho er det einaste barnet i huset, der eg tippar snittalderen ligg på omkring sytti år. Ein perfekt stad for meg, altså, som heile livet har kjent meg meir heime hjå dei gamle enn dei unge.

Då me flytta inn her, var det som å flytta til ei lita bygd som trong nye innbyggjarar; alle i huset tok imot oss med opne armar, og eg tenkte at her er folk verkeleg veloppdregne, vennlege og vaksne!

Ganske snart etter at me flytta inn, skulle eg til leigebuar-møte. Og eg gledde meg til å sjå korleis dei løyste problema seg imellom her i denne fredelige gettoen.

Men på møterommet i Norges hus rådde alt anna enn høflege ord og lyttande øyro. Her ropa alle i munnen på kvarandre, og det gjekk lang tid før eg fann ut kven dei hadde valt til formann. Så fann eg ut at halvparten meinte dette valet ikkje var gyldig. Alle snakka høfleg til meg, men seg imellom snerra dei. Eg kjende meg som ein antropolog utsend frå heimlandet for å observera korleis utflytta greiner av stamma oppfører seg. Og eg tenkte at viss eg var korrespondent for Dag og Tid og skulle fortelja om korleis nordmenn lever i nærliggjande kulturar, så ville eg vore flau over å rapportera frå dette møtet. Heldigvis fann dei ut at me var for få til å krangla skikkeleg, så alt skulle opp på eit nytt møte, og ingen trong skriva referat. Så gjekk alle kvar til sitt, og eg virra ut av møtelokala, forbi bysta av Bjørnson og målarstykket av kong Olav med juletretrøsk på.

Nede i gangen vart eg sitjande og tenkja på Det norske hus, og så kom eg plutsleg på Thorbjørn Jagland. Som statsminister vart han jo så mobba for idéen sin om «Det norske hus». Eg har aldri forstått kvifor han skulle mobbast.

Jau, eg forstår kvifor, men eg foraktar det; Jagland er ein akademisk politiker, han er sakleg, konservativ og visjonær – altså gørrkjedeleg i norske augo!

Han hadde mot til å prøva å lyfta debatten om korleis me skal ha det, opp på eit teoretisk plan. Han ville finna ut av underteksten før han framførde replikkane sine. Akkurat slik ein god skodespelar gjer før han spelar rolla si.

Men dette vart nok for høgtflygande for jordnære nordmenn. Og alt pratet til Jagland vart karakterisert som keisamt både av journalistar og av mannen i gata.

Sist han viste seg keisamt, var då han kjefta på kollegaene sine i Stortinget for å bruka eit uakseptabelt språk om kvarandre. Han viste til alle biografiane der politikarar og andre samfunnstoppar kappa om å laga dei verste kallenamna på motstandarane sine.

I staden for å bruka utspelet frå Jagland som eit godt grunnlag for ein utviklande samtale, brukte Redaksjon 21 i NRK det til å laga grunn, gammaldags underholdning. Viss det var denne typen apekattdebatt han ville fri oss frå med «Det norske hus», skulle han ha fått lov til det – både den debatten eg såg på NRK og den eg akkurat hadde vore med på i Norges hus.

Der eg no sat i den norske trappa, vart eg nyfiken på kva han eigentleg ville med «Det norske hus». Eg fekk lyst til å invitera han ned til Norges hus. Ikkje for å vera med på slike leigebuar-møte eg nett hadde vore på, men for å snakka med han om kva det var han ville med Noreg den gongen, og om han trur det enno er tid?

Neste korrespondentbrev kjem frå Kambodsja.



Norges hus, det norske hus i København.



Korleis tinga heng saman

I denne første Innsida mi vil eg gjerne vera litt alvorleg. Difor tok eg turen innom Oddny Reitan, som òg bur i Norges hus, for eit intervju. Oddny Reitan er tidlegare journalist i Middagsstunden på NRK og seinare i NRK-Hordaland.

– Du som har studert korleis primitive folkeslag lever, korleis synest du utflytta nordmenn oppfører seg i København?

– Piet Hein har sagt det godt: «Nordmænd er norskere end nogle danskere er danske!» Nordmenn snakkar for høgt, for mykje og drikk for mykje øl. Dette gjeld sjølvsagt turistane, ikkje oss fastbuande. Me er svært opptekne av ikkje å likna på turistane. Me vil verta elska av danskane, me vil likna dei mest mogleg.

Men så snart me kjem saman fleire stykke, så stør me kvarandre i norskdomen vår og hevar oss opp over danskane.

– Kva saknar du aller mest her du bur, borte frå fedrelandet ditt?

– Solnedgangen på hytta. Horisontane... at sola, «ho sprett og ho glader». Her i Danmark har ikkje sola søvn i augo når ho står opp; i Noreg står sola opp, og ho går ned. Her kjem ho berre fram og går bort igjen.

– Du har fortalt meg at du er agnostikar...?

– Ja, eg var veldig truande som barn, til eg fekk ei religiøs krise i puberteten og forstod at eg måtte halda det med Gud litt på avstand. Resten av livet mitt har eg brukt på å finna ut korleis ting heng saman, kvifor me gjer det me gjer, og korleis noko verkar for-

nuftig for ein, mens det for andre ser heilt ufornuftig ut. Viss ein stiller seg sjølv slike spørsmål, vil ein før eller sidan verta oppteken av Gud igjen.

– Kva er det som talar mest for at det finst ein gud?

– At det trass i alt er ein slags orden i universet; det kan ikkje berre vera fysiske lover som har ordna det slik... Og så kjenner eg nokre gonger at Han er der, at han talar til meg. Eg er ikkje «personleg kristen», men eg har ein mistanke om at Gud finst.

– Kva er det som talar mest imot at han finst?

– Krig.


– Kan du fortelja meg eit vakkert minne?

– Eg fekk møta Karen Blixen, våren 1962. Ho døydde om hausten. Me var på skuletur frå gymnasen på Lillehammer til vennskapskommunen Hørsholm. I klassen min gjekk barnebarnet til Fridtjof Nansen og oldebarnet til Bjørnstjerne Bjørnson. Det hjelpte nok på for å få audiens. Og det kjendest verkeleg som å vera i eit kongeleg møte; me måtte venta ute i gangen mens baronessa vart «anbragt» i sofaen, så gjekk dørene opp inn til stova, og me defilerte forbi henne ein etter ein, før me stilte oss i rekkje. Då eg tok henne i handa, kjendest det som om eg rørde ved ein død fugleveng, men blikket hennar strålte og gnistra bak den kolsvarte augnesminken! Ho hadde ei verdigheit som gjorde oss alle andektige... som om ho tenkte: «Eg veit ein stor løyndom om livet som de ikkje veit, og kanskje fortel eg det, kanskje ikkje...»

ROSEPRISEN

Kvar gong eg får lov til å laga denne innsida, vil eg gjerne dela ut to prisar. Den fyrste heiter ROSEPRISEN og skal gå til menneske som treng ei raud rose for strevet sitt. Denne fyrste gongen vil eg gje Roseprisen til Ivar Orvedal fordi han prøvde så hardt å stoppa vassdragsutbygginga i Måren i Sogn.

Sjølv om han tapte kampen, vann han æra, og denne prisen!



KÅLHOVUDPRISEN

Den andre prisen heiter KÅLHOVUDPRISEN og skal gå til folk som kanskje treng å rydda litt opp i grønsakskorga si og tenkja seg om ein gong til. Den fyrste eg vil dela denne prisen ut til, er bibliotekar Marit Torsvik Bertelsen.

Ho har sikkert fått masse kjeft alt for utspelet sitt, men det kan ikkje seiast nok til ungdomen, at me må ha fortida med for å forstå samtida vår!

Vennleg helsing prisutdelar og gartnar H. Kråkevik

DAGENS SONGTEKST

Eg vil gjerne i denne spalta gjera mitt for å lyfta fram gode songtekstar. Dagens songtekst er av revykongane Hasse Alfredson og Tage Danielsson, Hasse & Tage.

Norge, Norge

Det sàjs ju at man inte skal generalisera och sàja till exempel, at Tyskland ej àr bra. det skall man inte heller i allmànhet, jag tror. men detta gàller inte om det land dàr Norrmàn bor;

Norge, Norge det àr et ruttet land Norrmàn, normàn dom borde tas om hand Norrmàn, normàn dom fiska dålig torsk så om du ser en slisk och han stinker ruttan fisk àr han utan tvivel norsk!

Ja, Norrmàn àr förskräckliga, så fula och så små med slipsar som àr àckliga, med norska blommor på. Dom larvar sig och sjàpar sig och joddlar och står i. Man frågar sig när man dom ser; hur korkad kan man bli?

Norge, Norge àr världens sàmsta land Norrmàn, normàn dom borde tas om hand Norrmàn, normàn det folk som Herren gav en hopplös håg och en panna som àr låg så att hatten ramlar av

Dom gör ju inga bilar och cycklerna àr kass och deras ende store skald, han heter... Peter Dass!

